

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 202409861
Vår ref: 2024/242493
Dato: 30.10.2024

Høringsuttale til søknad om uttak av vatn frå Berstadvatnet - sak 202409861

Vi viser til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 17.09.2024, dykkar ref. 202409861-2, der de varslar høyring av søknaden om uttak av vatn frå Berstadvatnet.

Bakgrunn for saka

Selje vassverk i Stad kommune er ikkje i stand til å dekke behovsauken som vil kome som følgje av planlagt bygging av Stad skipstunnel. Berstadvatnet er vurdert å vere den einaste mogelege vasskjelda som kan forsyne områda rundt Moldefjorden med tilstrekkeleg vatn i åra som kjem. Dette gjeld også i anleggsfasen for bygging av Stad skipstunnel. Det er også eit stort behovet for brannsløkkevatn i forsyningsområdet. Stad kommune ynskjer difor å etablere eit nytt vassverk med Berstadvatnet som vasskjelde.

I samband med høyringa av søknaden ønskjer NVE grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ønsker også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Mattilsynet si rolle

Mattilsynet er sektorstyresmakt for områda plantar, fisk, dyr, mat og drikkevatn. Oppgåva vår i samanheng med plan- og byggjesaker er å ivareta nasjonale og regionale føresegner relaterte til våre forvaltningsområde.

Mattilsynet sitt innspel

Om drikkevatn

Mattilsynet forvaltar forskrift om vassforsyning og drikkevatn (drikkevassforskrifta) FOR-2016-12-22- 1868). Ansvarsområdet vårt i samband med planarbeid er knytt til vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder, og dessutan sikre nok og trygt drikkevatn til innbyggjarane.

Etablering av Berstadvatnet vassverk vil vere eit viktig bidrag for å sikre leveringstryggleiken i eit stort område. På kort sikt vil det gjelde delar av Moldefjorden og Selje, på lenger sikt vil både Flatraket og Kjøde kunne få vatn frå dette vassverket. Dersom Berstadvatnet vassverk og Selje vassverk gjensidig kan forsyne kvarandre, vil det gje robuste løysingar. Dette er viktig for

kommunen sin beredskap. Det er også positivt at innbyggjarane på Berstad vert tilkopla eit vassverk som til ei kvar tid vil levere helsemessig trygt drikkevatt.

Mattilsynet meiner det er viktig å få vassforsyninga på plass før bygginga av Stad skipstunnel startar då drikkevatt er ei samfunnskritisk oppgåve. Det viktig for Stad kommune å sikre både innbyggjarar og næringslivet tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Det er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn. Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning er derfor ein viktig del av kommunale planer.

Omsyn til fiskehelse og fiskevelferd

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr. (Jf. Forskrift om dyrehold (dyrehelseforskriften) FOR-2022-04-06-631 og Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822).

Mattilsynet peiker på at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreiding av smittsame sjukdommar til dyr, inkludert akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier at dyr, inkludert akvatiske dyr, skal bli behandla beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar.

Om uttala:

Uttala gjeld kva for effekt planlagt tiltak vil kunne ha på akvakultur og villfisk. Stad kommune søker om løyve til uttak av vatn frå Berstadvatnet. Storelva renn ut frå vatnet i Moldefjorden. Det er sjøaure og ål i elva, og sjøauren nyttar utløpet frå innsjøen og øvre del av utløpsbekken som gyteområde. Det er også ein lokal populasjon av aure i Berstadvatnet. Det er ikkje laks i elva. Det er ingen akvakulturlokalitetar i nærleiken. Det er heller ikkje nasjonale laksevassdrag eller laksefjordar i området.

Mattilsynet si vurdering:

NVE har fått søknad frå Stad kommune om løyve til uttak av vatn frå Berstadvatnet. Det ligg ikkje føre ein planomtale eller planprogram som beskriv tiltaket. Det finst difor ikkje detaljerte vurderingar relatert til planlagte tiltak som Mattilsynet kan uttale seg om no.

Stammane av sjøaure, aure og ål må beskyttast både gjennom anleggsfasen og i driftsfasen av vassverket. Ål av slekta *Anguilla* er beskrive som ein katadrom fisk, det vil seie at han gyter i saltvatn og veks opp i ferskvatn (gulålstadiet/larvar). Etter gulålstadiet blir han blankål. I Artsbanken si «*Norsk rødliste for artar 2021*» vart arten vurdert til å vere sterkt trua grunna sterk nedgang i populasjonen.

Det står i rapporten frå Rådgivende Biologer AS at for aure og ål til å vandre ut frå Storelva til Moldefjorden vil bli bevart sjølv om det blir etablert eit vassuttak, og at påverkinga vil vere ubetydeleg. Mattilsynet ventar likevel at det i vidare planprosess blir vurdert korleis ein skal ta vare på desse fiskepopulasjonane. Det må på plass planar og avbøtande tiltak for å sikre villfisk rundt vassinntaket, for å sikre passasje opp -og nedstraums, og for å sikre minstevassføring og vasskvalitet. Ein må sikre at ålelarvar kan vandre opp om sommaren og ein må gjere tiltak for å hindre at larvar skal gå i vassinntaket og at utvandring av sølvål på hausten kan skje utan hindringar. Det må stillast krav om at stammane av aure og ål ikkje blir negativt påverka av tiltaket og for å sikre dette må det vere ein form for overvaking av populasjonane.

Generelt vil Mattilsynet påpeike at det må stillast krav til entreprenørar og andre relevante verksemdar om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr før dei kan nyttast i og nær vassdrag og fjordar.

Under anleggsfasen vil det kunne oppstå avrenning frå anleggsvatn eller utslepp av kjemikaliar og olje frå maskinar, og entreprenør må kunne setje i verk naudsynte tiltak for å hindre skade på resipienten. Partiklar og kjemikaliar vil kunne påverke laksefisk og anna marint liv negativt. Store mengder partiklar kan mellom anna irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, noko som fører til dårleg fiskevelferd. Både sprenging og partiklar frå sprenging og steinmassar, har ein svært negativ effekt på fisk.

Mattilsynet føreset at vidare planarbeid tek omsyn til villfisk ved å sikre at vassførekomsten ikkje blir svekt. Mattilsynet ventar at arbeidet med konsekvensutgreiing og planforslag inkluderer vurdering av korleis tiltaket vil påverke populasjonane av aure og ål. Ein må vurdere kva for effekt anleggsfasen og driftsfasen vil ha på villfisk og komme fram med forslag til eventuelle avbøtande tiltak.

Mattilsynet ventar at det blir moglegheit til å uttale seg når det ligg føre meir detaljerte planar på eit seinare tidspunkt.

Konklusjon

Det er svært viktig for leveringstryggleiken for eit stort geografisk område i ytre del av Stad kommune at det vert gjeve løyve til uttak av vatn slik at Berstadvatnet vassverk kan etablerast. Vi minner om at det må gjerast ei vurdering av om det er nødvendig med avbøtande tiltak for å sikre at vassuttaket ikkje får negative konsekvensar for populasjonen av aure og ål.

Med helsing

Tove Hamre
seniorinspektør

Bente Sande
avdelingssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk.